


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
APRIL 2024**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30
Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før måndag 22. april kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 2. mai. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

FORSIDEFOTO:

Hjort på Ognedal,
fotograf Alf Sigurd Ognedal.

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



Gode sambygdingar

Ein ordførar i Bjerkreim må sjølvsgagt bruka april-utgåva av Bjerkreimsnytt til litt drøs om lemning. Dette maratonløpet med lite nattesøvn, stress for kva tid graset vert grønt nok til beite, og uro for å få sjukdom både hjå folk og dyr. Heldigvis handlar det mest om nytt liv, glede over verdiskaping og ikkje minst eit sterkt fellesskap i bygda.



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

På mange gardsbruk er lemninga generasjonsdriven. Det er mange oppgåver der både ung og gamal kan bidra. Å vekse opp på gard gjev ein unik ballast der ein får læra verdiskaping, samt mykje praktisk arbeid. Det er utruleg kjekt å sjå at det er ei ung satsing på mange bruk. Optimisme i næringa er viktig, og håpet er at årets jordbruksoppgjer vil vera godt. Me veit at det er utfordrande for mange. Det er ei fallitterklæring at mange, sjølv på dei største bruka, er avhengig av tilleggsinntekter utanfor garden. Slik kan det ikkje fortsette.

Me har passert fyrste halvår med nye politiske kostar. Det betyr at «prøvetida» er over. Denne perioden har Dalanekommunane fire ferske ordførar, frå fire ulike parti. Me kjem neppe til å vera politisk samstemte i alle saker. Det som er sikkert er at me allereie har starta eit godt samarbeid om å felles løfte Dalane. Då handlar det ikkje berre om å heie på kvarandre, men om felles strategisk arbeid mot måla. Me fire har i mars vore samla på E39-konferanse på Utsikten. Det er no på nytt optimisme rundt ferdigstillinga av veggen, sjølv om me synes det går altfor seint!

Eit område me no samarbeider om, er felles frisklivsentral i Dalane. Eit kommunalt tilbod som arbeider saman med dei etablerte helsetilboda om å forebygge og behandle helseutfordringar tidleg. Me skal og frå nyttår ha eit felles forliksråd. Forliksråd er fyrste instans i rettsapparatet, og det er anbefalt at ein ikkje har for små forhold. Politiet er med som sekretariat, og det er enklare for alle partar at ein ikkje «kjenner» dei ein møter.

I mars hadde Bjerkreim ny runde med næringslivslunsj. Det er viktig for både administrasjon og politikare å treffe dykk som driv små og store bedrifter i Bjerkreim. Det er og viktig å lage treffpunkt for næringslivet. Godt oppmøte. Det vert nytt treff til hausten.

Me har ein felles bu- og arbeidsmarknad i Dalane. Mange av våre bedrifter har tilsette som pendlar inn. Rett før påske var regionråd Dalane (ordførarar, varaordførarar og kommunaldirektørar) på besøk på Eigerøy, hjå Aker Kværner. Dei har pr. i dag 26 tilsette frå Bjerkreim. Gildt med omvising hjå eit av regionen sine flaggskip. I tillegg til eigen produksjon, legg dei att rundt 200 millionar i året hjå lokalt næringsliv! Fulle ordrebøker lover då godt for regionen.

Siste ordføraroppdrag før påske var påskefrukost på Bjerkreim skule. Herleg slutt på ein travel periode. Takk for at eg fekk kome!

Vennleg helsing, Tone Vaule

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Fellesråd for eldre og funksjonshemma	Måndag 08.04 kl. 13.00
Ungdomsråd	Måndag 08.04 kl. 16.00
Gruppemøte:	Måndag 08.04 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 09.04 kl. 16.00
Levekårsutval	Onsdag 10.04 kl. 13.00
LMT-utval	Tysdag 16.04 kl. 16.00
Kommunestyre	Tysdag 16.04 kl. 18.00
Kontrollutval	Måndag 22.04 kl. 14.00



LEGE I SPESIALISERING

Ina Refsland er lege i spesialisering ved Bjerkreim legekonsultasjonssenter fram til 1. september

KULTURMIDLER 2024

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søke om kulturmidler fra kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligger på hjemmesida vår: www.bjerkreim.kommune.no under skjema, kultur og fritid. NB! Husk å sende med årsmelding og regnskap for 2023

SOMMARHJELP TIL KLØGETVEDTTUNET

Vi søker kjøkkenhjelpere til Kløgetvedttunet fem søndager i sommersesongen 2024.

Arbeidstid: Søndager fra kl. 11.00 - 16.30. Sommersesong er: juni og august. Arbeidet passer for ungdom, og det kan bli aktuelt å dele søndagene på flere søkere. Vet du alt nå at det er søndager i juni og august som du ikke kan arbeide, er det fint om du opplyser om dette i søknaden.

Søknadsfrist: 22.04.2024

Arbeidsoppgaver

Arbeidet består i å lage og selge lapper, kaffe/te og brus/is. I tillegg kommer rengjøring/rydding. Opplæring blir gitt.

Kvalifikasjoner

- Arbeidet passer for ungdom fra 13 år og oppover.
- Praksis fra lignende arbeid er en fordel.
- Vi søker personer som er samarbeidsvillige og fleksible.

Vi tilbyr

- Lønn etter lokale takster for arbeid/opdrag av kortere varighet.

Kontaktperson

Annette Nedrebø, rådgiver kultur,
tlf: 51201114, mobil: 988 80 147

VIKTIG: Se heimesida til kommunen, ledige stillinger, for å søke.

VARSEL OM ENDRINGER I MATRIKKELEN

Matrikkelen er Norges offisielle eiendomsregister. Bjerkreim kommune går gjennom matrikelopplysningene som gjelder bygninger i kommunen.

Kommunen skal, av eget initiativ, rette, endre eller tilføye opplysninger dersom det er behov for dette.

Med denne meldingen er du varslet om at feilaktige eller ufullstendige opplysninger i matrikkelen, som gjelder bygninger, vil bli rettet. Endringene omfatter ikke eiendomsgrenser.

Har du spørsmål? Ta kontakt med Bjerkreim kommune, tlf. 51 20 11 00, eller e-post: postmottak@bjerkreim.kommune.no.



BJERKREIM
K O M M U N E

VELKOMMEN TIL TRIVELIG GJENSYN!

Vi ønsker å invitere alle dere som tidligere har jobbet i Bjerkreim kommune, og som nå nyter livet som pensjonister.

Vi har gleden av å invitere dere til en sosial sammenkomst. Dette er en ypperlig anledning til å gjenoppleve gode gamle dager, treffe tidligere kolleger og ikke minst, få en smak av kommunens framtid.

Litt av programmet:

- **Lunsj:** God lunsj sammen med gamle kjente.
- **Innlegg fra kommunedirektøren og ordføreren:** Om tingenes tilstand i Bjerkreim kommune og framtidige planer.
- **Tanker fra tidligere rådmann - Olaf Friestad:** «Kommunen for i tida ...» - et nostalgisk tilbakeblikk.

- **Godt drøs:** Drøs rundt bordene og mimring.

Praktisk informasjon:

- **Dato:** 6. juni
- **Tid:** 12:00 - 15:00
- **Sted:** Kommunestyresalen

Vi gleder oss til å treffe deg igjen, håper du kommer!

PS! Det sendes ikke ut personlige invitasjoner, fint om du tipser tidligere kollegaer du kjenner som ikke bor i Bjerkreim og som leser Bjerkreimsnytt. Du må melde deg på med tanke på matbestilling til: Kathrine Solberg tlf 400 16 494 eller på e-post: kathrine.solberg@bjerkreim.kommune.no



Vi selger nummererte billetter til «A dream is a Wish» fra 25.03.24. Du kan bestille her: www.ticketCo.no

Du kan kjøpe restbilletter i døren, betaling med vipps eller kort. (Kontanter kan brukes om du har akkurat beløp, vi har dessverre ikke vekslpenger.)

FOREDRAG

Torsdag 18. april kl 19.30 på møterommet, Bjerkreimshallen. Fysioterapeut Maren Gabrielsen held foredrag ang. skadeforebygging og prestasjonsfremjande trening. Praktiske øvingar. Målgruppe: Trenarar, foreldre, utøvarar over 16 år. Gratis. Alle velkomne!



Arr. Bjerkreim idrettslag

BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 17. april kl. 19.30 i kommunestyresalen. Quizmaster: Roald Ripland. Startkontingent: kr. 30,- kontant pr. person – 4-mannslag. Servering av kaffi og kjeks.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 3. april: Tur til Veen gard

Avreise fra Esso kl. 10.00.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

BINGO

Bingo onsdag 10. april kl. 14.00 - ca. kl. 16.00 i peisestova på Vikeså misjonshus.

Alle er velkomne.

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø. Tlf. 486 03 535

SYGLEDE

Mandag 8. april kl. 18.00 i kulturbanken møtes vi syglade for sosialt og egne syprosjekter. Ta med maskin og prosjekt og hent inspirasjon fra andre gode bygdekvinne. Varmt velkommen! Åpent for alle.

Arr. Bygdekvinnelaget

DAGSTUR SØROVER OG NESTEN TIL «USA»

Lørdag 8. juni kl. 9.00 tek bussen oss til ei interessant industrihistorie hjå Sjølingstad Uldvarefabrik. Etter god middag går turen til Vanse. Her stopper vi ved butikken Trunken (nesten som å kome til USA). Vidare går turen til Lista fyr og vi avsluttar hjå Pizzamani på Moi. Pris kr 1450.

Påmelding til Olaug Nevland, tlf. 957 30 476

Arr: Bjerkreim bygdekvinnelag

SOSIAL KVELD

Onsdag 3. april kl. 19.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Velkommen til en uformell kveld, med eller uten håndarbeid. Med god drøs over kaffikoppen. Åpent for alle.

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

SOSIAL KVELD

Tirsdag 16. april kl 19.00

Sted Skjeraberget folkehelsehus.

Velkommen til en uformell kveld, med eller uten håndarbeid. Med god drøs over kaffikoppen. Åpent for alle.

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

MANNEKENTUR TIL NÆRBØ

Onsdag 24. april kl 19.00

Liv Klær og Gaver viser klær.

Sted: Nærbø samfunnshus.

Drikke og mat betaler hver enkelt selv.

Felles avreise fra Uninor kl. 18.00.

Påmelding til Inga S. Slettebø 902 07 029.

Frist 20. april.

SYNG MED OSS!

Tirla damekor inviterer til en musikalsk ettermiddag i kulturbanken søndag 7. april kl. 17.00.

Vi får gleden av å høre koret Damens Da Capo fra Egersund, Valborg og Karl Gustav kommer og Tirla synger.

Det blir også allsang, matsalg og utlodning.

Velkommen til et musikalsk fellesskap!

BRETTSPELKLUBB

Til deg som har lyst til å læra eit nytt brettspel eller har lyst til å spela favorittspelet ditt med nye folk: Velkomen til Bjerkreim Brettspelklubb!

Tidspunkt: 10. april kl. 19.00.

Stad: Skjeraberget folkehelsehus

PENSJONISTEN

Det blir møte i Pensjonisten 25. april på samfunnshuset kl. 14.00.

Kåsør: Frode Tingbø.

Det blir servering av gode smørbrød, kaker, kaffe og te. Loddsalg og kanskje en liten bilde-quiz.

Inngang kr 50,-

Hjertelig velkommen.

BUSSTUR

Busstur med Pensjonisten og Helselaget i sommer går til Ryfylke.

Det blir dagstur 13. juni.

Påmelding til Johan Vassbø,

mob: 951 406 59 eller

Elsa Vassbø, mob: 477 51 043,

senest 5. mai 2024.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 11. april kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

ÆTTESOGELAGET

Tid: Torsdag 4. april kl. 19.00

Stad: Kommunehuset

Program ikkje klart i skrivande stund, sjå nettsida: <https://bjerkreim.friskus.com/>

BERSELØPET 45 ÅR!

Søndag 28. april kl 13.00!

Bjerkreim friidrett inviterer til en fin gå- eller springetur i den 5,5 km lange løypa rundt Berse. Vi markerer 45-årsjubileum med:

- gratis startnummer til 1979-modeller
- smakfull opplevelse i målområdet
- medaljer til alle
- trekning av flotte premier på startnummer

Påmelding i forkant til rune-osl@online.no, innen 26. april. (kontonr 3344 07 05907/ vipps #141157) - eller på løpsdagen fra kl. 11:00 ved Bjerkreim bedehus (senest kl. 12:00). Start og mål: Bjerkreim bru.

Aktiv eller trimklasse.

Alle i trimklassen under 14 år får medalje. Barn under 11 år, som ønsker å delta, kan springe sammen med en voksen. Vi premierer 1.-3. plass for

kvinner og menn i aktiv klasse med pengepremie. 1.plass kr 1000,-/2.plass kr 500,-/3.plass kr 250,-

Aktiv klasse

(Født 2010 eller tidligere)

kr 300,- inkl engangslisens

kr 270,- inkl helårslisens

Trimklasse

(Født 2015 eller tidligere)

100,-inkl englisens

80,-inkl helårslisens

For aktiv klasse tilkommer et gebyr på 100,- ved påmelding samme dag.

BARNAS BERSE

Ta med foreldre, søsken, besteforeldre, tanter og onkler og gå tur rundt vannet og hei fram løperne. Det blir en overraskelse midt ut i løypa og alle får medalje ved fullført tur. Kr 50,-pr. familie.

Frøidrettsgruppen i Bjerkreim IL

KONSERT

Konsert med Valborg og Maria Edland i Bjerkreim kyrkje torsdag 2. mai kl. 20.00. Inngang: kr 200kr/kr 100.

LYS OVER LAND

Misjonsmøte på Vikeså Misjonshus torsdag 18.april kl.19.30 m/ kretssekretær Odd Eivind Høyvik. Song av Leif Rune Drivdal. Misjonsinformasjon og kollekt.

Alle hjarteleg velkomne!

VIKESÅ MISJONSHUS APRIL

03. kl. 17.30 Global kafe

03. kl. 18.00 Bønnemøte

05. kl. 20.00 Fredagsklubb

06. kl. 20.00 BKU

07. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule

10. kl. 14.00 Bingo

10. kl. 20.00 Samtalemøte

15. kl. 19.00 YngRes og Korvett

17. kl. 17.30 Global kafe

18. kl. 19.30 Møte Lys over land

19. kl. 20.00 Fredagsklubb

20. Dagtid: DUGNAD

26. kl. 18.00 Vårfest

29. kl. 19.00 YngRes og Korvett

Barnekor kvar torsdag kl. 17.00

BJERKREIM BEDEHUS APRIL

01. kl. 19.30 Påskemøte NLM

02. kl. 19.30 Bønnemøte

07. kl. 11.00 Endelig søndag, Imf

Tale av Egil Vigdel

Song av barnekoret

kl. 11.20 Søndagsskule

08. kl. 18.30 Jentelaget

09. kl. 19.30 Bønnemøte

10. kl. 17.30 Global kafe

12. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

15. kl. 19.00 Yngres

16. kl. 19.30 Logos

19. kl. 19.30 Møte NLM

20. kl. 19.30 Møte NLM

kl. 19.30 BKU, i kjellaren

21. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM

kl. 11.20 Søndagsskule

23. kl. 19.30 Bønnemøte

24. kl. 17.30 Global kafe

26. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

29. kl. 19.00 Yngres

30. kl. 19.30 Bønnemøte



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

Sundag 7. april

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 14. april

kl. 11.00 høgmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 21. april

kl. 11.00 høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 28. april

kl. 11.00 G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

DØYPTE

25.02.24 Kristoffer Fuglestad

10.03.24 Mina Slettebø

10.03.24 Aleah Haug

VIKTIGE DATOAR FRAMOVER:

Laurdag 4. mai blir det duka for «Fest på Slottet» i Bjerkreim kyrkje kl. 10.00 til ca. 11.30 for barn født i 2019.

Tysdag 5. juni kl. 19.00 blir det informasjonsmøte på Vikeså Misjonshus for neste års konfirmantar (født 2010) og foreldre/føresette.



Prestens ord:

FRÅ AVMAKT TIL STYRKE

For mange år siden fekk eg nokre ord frå min gamle prost, Kjell Børge Tjemsland, og eg vil dele desse orda til glede med dykk denne påska.

Vi kjenner godt til og trekkjer ofte fram disiplane si avmakt, at dei var feige og redde og hadde så lite tru. Frå påskeforteljningane hugsar vi korleis Peter tyr til sverdet i Getsemanehagen, seinare fornektar han Jesus tre gonger og brukar bannskap for å understreka si lygn. Dei andre disiplane kunne det dei også, og sovna mens Jesus sjølv var i bøn for å kunna halda fokus på og førebu seg fram mot det som skulle henda i påska. Nokre gonger er dette reint oppbyggjande for oss å lesa om. For kven strevar ikkje til tider både med mangel på frimod og oppleving av avmakt? Eg er glad at Bibelen ikkje pyntar på slike ting. For det gjer han både meir truverdig og meir aktuell inn i mitt eige liv som Jesu disippel.

Jesus sin forsoningsdød og oppstode i påska endra disiplane totalt. Jamne møte med Jesus i tida etter påske- og pinsendinga, då disiplane fekk Den heilage ande, forvandla dei. Frå å vere handlingslamme personar med oppleving av avmakt, vart dei til personar med stort mot og frimod. Peter, stor i munnen som han var og med sine mange nederlag, han heiv seg i sjøen etter den store fiskefangsten på Tiberiassjøen (Joh 21). Han gløynde all prestisje med omsyn til eit flott stup i sjøen, som andre ville kunna tykkja om. Han bokstaveleg talt kasta seg i sjøen for å syne tydeleg for Jesus at noko hadde skjedd med han. Og for ikkje å snakke om det som skjedde på pinsedagen: Med frimod, kraft og styrke - langt frå ein følelse av avmakt - forkynte han Jesus som Frelsar og Herre (Apgj 2). «...og den dagen vart om lag

tre tusen lagde til kyrkjelyden». No hadde det skjedd at dei våga alt for evangeliets skuld. Også livet. Paulus summerer dette opp slik: «For eg skjemmest ikkje ved evangeliet.» (Rom 1,16). Slik starta alt. Vi har no også fått evangeliet, fordi nokon delte og ga evangeliet vidare.

Kva med oss som disiplar i Noreg i dag? Kva med oss som kyrkje og kyrkjelydar? Det er med fryd og glede at vi kan sjå at det blant oss er mykje frimod og styrke, skapt og gjeven av Den heilage ande. Samstundes kjenner vi også til strid, ueinige leiarar og mangel på tillit til Meisteren sjølv, til Guds ord og vår kyrkje si vedkjenning. Vi står nokre gonger igjen med følelsen av avmakt som tappar oss for styrke og frimod i kristenlivet. Dermed kan vi også lett bli frårøva stoltheit over og tilbedinga til Jesus. Vi må hjelpe kvarandre til frimod og stoltheit over Jesus når vi kjem saman! Påska kan gje oss dette frimodet og denne stoltheita. Det er eit faktum at Gud er ein forsona Gud som er rausare enn vi nokon gong greier å vere mot kvarandre, at han deler ut av alt sitt, lar oss vere arvingar til Guds rike, tilgjev, reiser opp, hjelper oss til å lyfta hovuda våre i glede og til lovsong. Dette skapar frimod, gjev styrke og set oss fri til å tena Gud og tena kvarandre.

Den heilage ande og heile Hans kreativitet samhandlar med den kreativiteten kvar enkelt av oss har fått av Gud, slik at vi blir medarbeidarar i det å dele evangeliet med kvarandre i ord og gjerning. Påskeglede skal følgje oss kvar dag, heile året og heile livet. Lat difor denne gleda sleppast laus i oss, slik at andre både kan sjå og høyra ho. Denne gleda er Jesus-jubel, ei glede som må få lov til å bevege vår tunge, våre lepper, heile vår kropp, våre tankar og våre gjerningar!

Håper du har hatt ei signa god påske - signa sterkt disippelskap!

JAKTSESONGEN 2023 OG DEN VIDERE JAKTEN

Forvaltningen og årets tildeling i 2023 på elg, hjort og rådyr i Bjerkreim kommune, startet med å ta en ny retning gjennom samarbeidet om en felles viltforvaltning. Tross en del endringer i tildeling, digital innmelding og rapportering, samt fri kvote på hjortekalv har det gått ganske smertefritt. Rådgiver skog- og viltforvaltning og kommunen takker for en trivelig jakt sesong.

HJORTEJAKTEN

Det ble felt 225 hjort av en tildeling på 278 dyr + fri avskyting av kalv. Det tilsvarer en total avskyting på 81 % som er ca 10% høyere enn de tre siste årene. Tallene inkluderer de kalvene som er skutt på den frie kvoten. Årets felling kan deles opp i 42 % kalv, 39 % hodyr, 9 % spissbukk og 10 % eldre bukk. Dette er gode tall som vil gi en bedre kontroll over tilveksten på hjortestammen og en større sjanse for bukkene å nå voksenalder. Som også betyr større sjanse for ett trofe på veggen i medaljeklasse for de som er interessert i det. Det er gjennomført en solid innsats fra jegerne, noe som har resultert i 965 jegerdager, 0,205 felte hjort per jegerdag og 2,49 dyr sett per jegerdag.

ELG- OG RÅDYRJAKTEN

Det ble felt 3 elg i hele kommunen. Alle tre var kalver. Det er generelt lite elg og flere har fredet den på sitt vald eller jakter ikke aktivt etter den.

For rådyr ble det tildelt 287 dyr og fri kvote til enkelte vald. Av disse ble 41 felt. Litt over halvparten var bukker (24 stk). Det er meldt om at rådyrstammen er på vei opp mange plasser, noe som er positivt. Kommunen håper på å få tilført midler, slik at det igjen kan tilbys gratis dronesøk før slått etter kje. Det er ett tiltak alle er tjent med. Men da det kommunale viltfondet hovedsaklig går til å dekke de offentlige ettersøkene, er

kommunen avhengig av at søknaden til det fylkeskommunale viltfondet går igjennom.

Fra kommunens side er det ønske om at flere går sammen og danner større rådyrvald, slik at det kan søkes om fri tildeling. Da kan jakten organiseres bedre og forvaltes mer lokalt. Dannelse av større vald, betyr ikke at du mister din jaktrett. Dette opprettholdes gjennom jaktfeltene.

INNRAPPORTERING

Årets innmelding skjedde i stor grad digitalt. Mange fikk det greit til og mange gjorde en hederlig innsats for å prøve før de ringte inn for hjelp. Det er/skal være lav terskel for å ringe, og rådgiver blir bare glad om det spørres om hjelp. Hjorteviltregisteret er ikke alltid like lett å forstå. Gjennom appen sett og skutt kan hver jeger føre sin jakttur. På elg og hjort skal all jakt føres, selv de turene som ikke ga felte dyr. For vald-ansvarlige som skal godkjenne jakten og felte dyr på slutten av sesongen, er det absolutt lettest om hver jager fører seg selv. Eller at jaktleder fører for hele laget, om en jakter i lag. Dette vil gi deg selv bedre innsikt i din egen jakt og kan sees på som din personlig jakt dagbok. Mange har alt startet å bruke appen og resultatet gir verdifull data for forvaltningen. Jo bedre denne føres, jo bedre rustet er forvaltningen til å møte utfordringer og bedre dokumentasjon har vi på populasjonens tilstand. God statistikk er verdifullt og er grunnlaget for kunnskapen vi har for viltets utbredelse, antall og kondisjon. Viktigheten av å melde inn vekt (veid), posisjon for felling og alt annet en kan føre inn kan bli viktige argumenter senere. Ett eksempel kan være ved høring om utbygging. Har en gode data på at det sees og felles mye hjort i ett område, vil dette være ett tungt argument for at dette er en viktig plass for jakten og viltet. Det er også viktig å føre de dagene en ikke lykkes med jakta.

VIKTIGE DATOER – FRISTER:

01.04: Trekke eiendom ut av godkjent eller omsøkt vald

01.04: Trekke et vald ut av godkjent bestandsplanområde

01.05: Søke om godkjenning av vald

01.05: Melde endringer i valdet til kommunen

01.05: Søke om godkjenning av bestandsplanområde

DEN VIKTIGE KALKEN, FOR Å OPPNÅ RETT PH FOR PLANTENE

Vi på landbrukskontoret vil også nå for våronna slå et slag for den viktige kalken. Nytt anledningen og tilfør kalk til eng og beite. Når vi leser rapportene fra klimarådgivere, er kalking et av de beste og billigste klimatiltakene i landbruket!

INFORMASJON



MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

Bestill her

ALLE TRENG
GODE BØNNER
handbrent.no



GO Consult
Olav Engelsgjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

Gitar og Handverk DA

Gitarreperasjoner og rekvisita Blomsterdekor til alle anledninger, materiell

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no